

# Evaluering av u-hjelpsarbeidet

Eg fekk nett «Evaluation Report 1.83 Norwegian Mission in Latin America» i handa, og kjenner meg tilskunda til straks å komme med nokre prinsipielle merknader.

Jarle Kottmann talar om rapporten som ein «varm potet» (VL 13.8.83). Det er ikkje noko å undrast på. Han skal elles ha takk for at han i avisartikkelen prøvde å bremse litt på den bakevja som rapporten har skapt, kven som no elles kan ha skulda for det.

Evalueringa gjeld altså utviklingsprosjekt som norske misjonsorganisasjonar driv med støtte frå NORAD i Sør-Amerika.

Oppdraget som evalueringnemnda fekk, var omfattande og for så vidt godt og greitt (Annex I, s. 150). Men rapporten viser at «Tasks of the Evaluation Team» (s. 151) burde ha vore klarare klassifisert.

Prosjekta blir drivne på grunnlag av kontraktar mellom NORAD og misjonsorganisasjonane. Det først og mest nærliggjande for evalueringnemnda skulle da vere å undersøke om organisasjonane har fullført kontraktane sine eller ikkje, og komme med tilrådingar i samsvar med det.

Dernest ville det vere naturleg at nemda reint prinsipielt undersøkte kontraktane og fann ut om dei kunne gjerast betre for framtidige prosjekt, om framtidig arbeid kan leggjast an på ein formålstenleg måte o.s.v. Men å blande desse to hovudomsyna i saman og gjere heile røra til eit springbrett for kritikk mot prosjekta, det er eit slag under beltestaden.

Nemda burde ha forstått dette, og kunne lett ha lese det ut av prioriteringa i «Tasks of the Evaluation Team». Men resultatet tyder på det motsette.

«The core question» (s. 1) i meldinga er eit prinsippspørsmål som, — så langt eg kan sjå — er utan basis i kontraktane.

Her må eg forresten føye til at det synest meg heilt utilfredsstillande at ein slik evalueringsrapport blir offent-

leggjort utan at også kontraktane som er alfa og omega for prosjekta, blir offentleggjort samtidig.

Evalueringnemnda hoppar over kontraktane og konstruerer teoretiske «models of development» etter sine egne ideologiar, og deler så ut pluss og minus til organisasjonane i samsvar med desse.

Ei slik vilkårleg evaluering er ein farleg praksis som gjer det unødige risikabelt å ta på seg ansvar for utviklingsprosjekt.

Ikkje berre er praksisen farleg. Innhaldsmessig er nemdas «models of development» (dei-

## Av Magnar Magerøy

ra ideologi) diskutabel og utan offisiell stadfesting. Personleg ser eg mykje godt i mange av synspunkta deira, men eg ser også tydelege brester, så vel som viktige sosiale omsyn som er oversett, f.eks. det allmenne omsynet til kvinnene, — og det mot slutten av FN's kvinnetiår.

(Kvifor fanst det forresten ikkje ei einaste kvinne i evalueringnemnda? Kvifor vart ho slik samansett, og med den eine kontraktpartnaren representert?)

Undrast må eg også over den ukritiske oppmodinga om å overlata prosjekta til lokale folkerørsler utan spørsmål om kva verdigrunnlag dei står for, eller kor kontroversielle dei kan vere i miljøet. Men ein diskusjon om dette høyrer ikkje med her. Her skal eg berre slå fast at ideologien bak

rapporten er diskutabel og dermed tvilsam som evaluering grunnlag.

Eit anna overtramp finn eg i nemdas forhold til «Terms of References» vedk. «som questions of principle regarding missionary organizations' development work». Der heiter det på side 151, II, siste avsnitt: «The team is expected to be familiar with the on-going discussion of such questions inside and outside missionary organizations.»

I denne samanhengen burde det vere klart for nemda at det aldri kan bli misjonsorganisasjonanes oppgåve å fremme andre religionar enn deirar eigen. Når det gjeld u-hjelp, er det klart at ho skal nå fram til dei som treng henne mest, utan omsyn til religion. Men når nemda vil pålegge misjonen å fremme/stimulere andre religionar («More religious pluralism should be stimulated», s. 7), synest eg at nemda har diskvalifisert seg sjølv.

Med dette får eg begrense meg og berre streke under at rapporten har betydning ikkje berre for dei prosjekta som er nemnt, men representerer ei utgliding i spørsmålet om objektiv handsaming av u-hjelpsprosjekt i det heile.

I tillegg kjem den uansvarlege sensasjonspubliseringa i massemedia av rapporten.

Dette må rettast opp for neste evaluering blir sett i verk. Det er først og fremst eit krav for å sikre u-hjelpsarbeidet. Dernest kan heller ikkje verdien av ei evaluering vere likegyldig, så mange hundretusen som eit slikt arbeid venteleg kostar.

A678

**Hvis det er meninger  
det er snakk om**

**VÅRT LAND**